


NR. 1 – APRIL 2025 | 30. ÅRGANG



# KYRKJEBLADET FOR VESTNES

## GOD PÅSKE!



«Sjøfugl i Tresfjord» (les meir inne i bladet)

Foto: Gunnar Bloch Røsand



# TIDEVANN

Av Gunnar Røsand

Jeg ble født på Stella Maris i *By ved hav*, seks år etter 2. verdenskrig. En langgrunn strand var min barndoms sommer-paradis. Som voksen strandet jeg langt over flomålet, oppveg på Rørosvidda.

Et studieår med bildekunst vekket min interesse for Landart. Noen år senere fikk jeg en ide om å lage en fugleform i gresset utenfor mitt verksted. Den skulle døpes Jordfugl. Jeg søkte om tillatelse, og fikk det. Men andre oppgaver kom i veien for prosjektet.

Jeg flyttet så til Tresfjord. Det var en glede å lukte salt sjø, og følge tidevannets forandring av strandsonen igjen. Særlig ble jeg fascinert av den lille gressholmen ved Kyrkjestova. Den lå like utenfor grensen til naturvernombordet, hvor det myldret av vadefugl og sjøfugl.

Gresset på holmen vokste frodig, sjøen steg langsomt rundt den, iblant ble den liggende under vannspeilet. Ved fjære sjø lå den omkranset av sandstrand. Den endret karakter med årstidene. Vårgrønn, høstgul, rimkledd, nediset. Tidevannet vasket jevnlig bort hvert uttrykk og klargjorde holmen for nye.

Ideen om fuglen hadde blitt med på flyttelasset. Det føltes som den var kommet hjem, men her måtte dens navn bli Sjøfugl. Jeg fikk kommunens og kirkens tillatelse til å bruke holmen. En dag i april 2024 dro jeg ned med en jordspade, og skrippet opp holmens lengde og bredde. Fuglen kunne få et vingespenn på 16 meter. Torva var tykk og tung. Å flytte den ut av fuglekroppen, til fordypninger og i ujevnhet langs kanten av holmen, var et slit. Det ble en times arbeidsdag, tre dager per uke. Etter fem uker var verket fullført.

Av hav er du kommet. Dette første, livgivende element på vår klode. Nesten lydløst kommer sjøen glidende innover strandsonen, omkranser holmen, flør inn i Sjøfugl, der vannet blir liggende et par timer når det ebber. Et basseng med form som en fugl på brede vinger, hvor blå himmel og drivende hvite skyer blank-speiles.

Til jord skal du bli. Langsomt dreneres vannet til jordbunnen blottes ved fjære og Sjøfugl ærer sitt opphav ved å inkarnere som Jordfugl. Så snur tidevannet. Fuglebassenget fylles igjen. Nyfødt håp flør inn. Kanskje vil det engang komme

en flaskepost fra en skipbrudden sjømann, og legge seg duvende inne i fuglens vannspeil?

Ved springflo ligger hele holmen under vann. Da skimtes Sjøfugl kun som en skygge av sitt alter ego under vannet.

Av hav skal du igjen oppstå. Jeg innser etter hvert at kilden til Sjøfugl finnes i dypet av min familiehistorie. Dragsuget fra den synkende MT Nina Borthen hadde vakset i min bevissthet siden jeg fikk høre om morfar. Den traff nok min mor som en flodbølge - meldingen hun fikk, 10 år gammel, om at hennes far var savnet under en ferd over Atlanterhavet. Båten han arbeidet på ble torpedert av den tyske ubåten U-103.

Etterdønningene skyller gjennom min mor og mormor med et ukuelig, livslangt håp. *Han var kanskje ikke død. Han hadde nok bare mistet hukommelsen. Han ville snart komme hjem igjen.* En albatross seilte på håpets solgangsvind, over verdenshavene, mellom kontinentene, evig. Sov i luften. Spiste i luften. Formerte seg i luften. Lenget hjem. Dette håpet med sitt ufattelige vingespenn, bar meg

på ryggen som en Tommeliten i min barndom.

Som voksen ble min kreativitet befruktet av denne familiemyten. Ideen om en fugl ble klekket. Den strakte ut håpets vinger og drømte om fri flukt fra sitt rede.

Så endte den som stasjonær kunstinstallasjon innerst i en smal fjord, i le for de store havdønninger. Men

verdenshavene finner leia dit inn. Fløter med seg tomme skjell, tapte fjær, håp og spenning. Omkranser gressholmen og fyller daglig fuglebassenget. Ved de stadige avskjeder, når det ebber, kan man ane savnets krusninger langs fuglens kontur. Tapets bunn blottlegges. Og like ofte hilses tidevannets mektige flo velkommen tilbake.



Evig gjenfødes håpets himmelblå i fuglens form. Mens den kurrer:  
*Her og nå!*

## MIN PÅSKESALME

Av Tormod Lien

Magnhild Valen (90) bur på Plaza i Vestnes sentrum. Ho smiler og takkar for det gode livet. Både Magnhild og Tormod har hatt eit rikt liv saman som kristne. Magnhild er fødd og oppvaksen i Tomrefjord, medan mannen Tormod kom frå Helgen i Telemark.

Før Magnhild avslører «sin» påskesalme, fortel ho litt om livet sitt. Frå 1957 arbeidde ho i Oslo i Misjons-sambandet, eit arbeid ho likte godt. I 1958 trefte ho mannen i sitt liv, som då var i militæret. Fire born fekk dei saman, Harry, Elisabeth, Olav Bjørn og Tor Magne.

Noko spontant sette dei på seg ringar 1959. Det var i Molde, der kjemien var så fin, med fuglesong og fine blomsterbed. Det var Tormod som tok initiativet, og ringane kom på plass i parken. Same året gifta dei seg. Som ektepar vart dei buande i Tomrefjord i 60 år før dei flytta til Vestnes i 2016. Tre år seinare døde Tormod.

På oppfordring finn Magnhild fram påskesalmen ho er så glad i. Frå Sangboken les ho salmen «Å salige stund uten like». Ho synest salmen er svært innhaldsrik og har ei sterk tekst som seier så mykje om livet. Dette er ein norsk påske-

salme som blei skiven av journalist og salmediktar Johan Halmrast i 1890. Teksta er basert på Bibelen si forteljing om Maria Magdalena. Då «Å salige stund uten like» blei publisert første gong, var overskrifta «Maria Magdalenas jubel».

### Å salige stund uten like

*Å salige stund uten like,  
han lever, han lever ennu!  
Han vandrer i seierens rike,  
min sjel hvorfor sørger da du?  
Han er ikke lenger i graven,  
hvor bleknet i døden han lå;  
/jeg levende så ham i haven,  
og aldri så skjønn jeg ham så.:/*

*Han lever, og jeg skal få bringe  
hans venner det salige ord –  
tenk, jeg som er ringest blant ringe,  
den minste han kjenner på jord.  
Tenk, jeg skal hans hilsen  
frembære,  
å kunne jeg syng det ut!  
/Mer kunne ei engler begjære  
enn gå med så salig et bud.:/*

*Å salige stund uten like,  
han lever, han lever ennu!  
Han vandrer i seierens rike,  
min sjel, hvorfor sørger da du?  
Du søkte din trøst i den døde,  
og dvelte ved gravnatten kun;  
/så fikk du den levende møte,  
å salige, salige stund!:/*



Gode minner frå eit rikt liv. Magnhild likar å bla i fotoalbumet sitt.



# DEN TOMME GRAVEN

Av sokneprest Tarjei Løvik

Joh 20, 1-10 (prekentekst på påskedag)

*1 Tidlig om morgen den første dagen i uken, mens det ennå er mørkt, kommer Maria Magdalena til graven. Da ser hun at steinen foran graven er tatt bort. 2 Hun løper av sted og kommer til Simon Peter og den andre disippelen, han som Jesus hadde kjær, og hun sier: «De har tatt Herren bort fra graven, og vi vet ikke hvor de har lagt ham.» 3 Da dro Peter og den andre disippelen ut og kom til graven. 4 De løp sammen, men den andre disippelen løp forttere enn Peter og kom først. 5 Han bøyde seg fram og så linklærne ligge der, men gikk ikke inn i graven. 6 Simon Peter kom nå etter, og han gikk inn. Han så linklærne som lå der, 7 og tørkleet som Jesus hadde hatt over hodet. Det lå ikke sammen med linklærne, men sammenrullet på et sted for seg selv. 8 Da gikk den andre disippelen også inn, han som var kommet først til graven. Han så og trodde. 9 Fram til da hadde de ikke forstått det skriftene sier, at han måtte stå opp fra de døde. 10 Disiplene gikk så hjem.*

Vi bærer alle på håp og forventninger til livet og fremtiden vår. Selv om livet er et usikkert prosjekt, hindrer det oss ikke i å drømme om det gode liv. Det kan handle om å få dele livet med en god mann eller kone, få sunne og friske barn, bli velsignet med god helse og ikke minst leve i trygghet og frihet. Listen over framtidstrømmer kan gjøres lang og du skriver den best selv. Hva håper du å få ut av livet?

Uansett hva du drømmer om, så vet vi at det ikke alltid blir som vi håper. Ektekap går i stykker. Kreft herjer i kroppen. Ulykker tar liv og krig og ufred er faretruende nær. Dette er ubehagelig å snakke om. Når prøvelsene blir store kan selv den mest optimistiske miste håp og framtidstro. Hva skal man satse på når helsa svikter og livet går mot slutten?

I Johannesevangeliet kapittel 11 leser vi om Lasarus. Han ble syk og døde. Jesus sto både ham og hans søstre ganske nær. Dere som kjenner til fortellingen vet at Jesus lar seg berøre og gråter sammen med de sorgende. Så demonstrerer han sin guddommelige

makt ved å vekke Lasarus opp fra de døde. Men før underret skjer utfordrer han søstrene til Lasarus til å tro:

Vi leser følgende Joh 11, 21ff:

*21 Marta sa til Jesus: «Herre, hadde du vært her, var ikke broren min død. 22 Men også nå vet jeg at alt det du ber Gud om, vil han gi deg.» 23 «Din bror skal stå opp», sier Jesus. 24 «Jeg vet at han skal stå opp i oppstandelsen på den siste dag», sier Marta. 25 Jesus sier til henne: «Jeg er oppstandelsen og livet. Den som tror på meg, skal leve om han enn dør. 26 Og hver den som lever og tror på meg, skal aldri i evighet dø. Tror du dette?»*

Påskens budskap om Jesu død og oppstandelse gir oss mulighet til å rette blikket mot himmelen og håpe på Gud. Det er et håp som når oss alle, uansett hvordan levet ser ut, i gode dager og onde dager. Jesus er ikke død, men sto opp fra de døde og lever i dag. Budskapet er på mange måter for godt til å være sant: Du tilbys tilgivelse for alle synder, frelse fra alt det onde og et evig liv i Guds nærhet. Vi vet ikke akkurat så mye om hvordan det blir i himmelen, men åpenbaringsboken forteller oss at alle ting skal gjøres nye, at hver tåre skal tørkes bort fra våre øyne og at ingen mer skal vite av sorg, skrik eller pine. Det er intet mindre enn utrolig.

Denne tro og dette håp er ingen selvfølge å eie, og mange vil tvile mer enn de tror. Det var tilfelle på Jesu tid også. Blant annet leser vi om disippelen Tomas, som gjerne blir kalt «tvileren Tomas». Han kunne ikke tro at Jesus var stått opp uten at han fikk møte ham, ta på ham og stikke fingrene i sårene hans. Det er godt å vite at bibelen ikke legger skjul på de utfordringer også hans nærmeste hadde med sin tro: Judas forrådde ham, Peter fornekket ham og Tomas trodde ikke på ham før han sto lys levende foran ham. Så har Jesus forutsagt at ikke alle får se da han sa til Tomas: «Fordi du har sett meg, tror du. Salige er de som ikke ser, og likevel tror.» (Joh 11,29)

# UNDERVISNINGSKVELDAR

på Daugstad bedehus om Den Heilage Ande

Tekst og foto: Nils-Berge Sundfør



På Daugstad bedehus var det no sist haust temakveldar om «Den Heilage Ande og eg». Det er Daugstad bedehusforening som står som arrangør for desse inspirerande kveldane, og denne gongen fekk dei besøk av pastor og leiar i Emblem bedehusforsamling Arild Ove Halås, som hadde undervisninga fordelt på fire bibeltimar.

Om lag 30 personar frå heile Vestnes hadde desse kveldane benka seg rundt småbord då Tor Morten Salte ynskja hjarteleg velkommen til alle. Det vart gode kveldar med mat for både sjel og lekam. Anne Marlen Løvik Salte tok også fram gitaren og gav oss tankevekkande songar. Ei god matøkt med eit nydeleg koldt bord vart fletta inn mellom undervisningstimane.

Temaet for kveldane har vore:

- Den Heilage Ande er ein konkret person
  - Den Heilage Ande i det Gamle testamentet
  - Den Heilage Ande i Jesus og Apostlane sine liv
  - Den Heilage Ande i kyrkja si tid og i vår tid
- Jesus vart unnfanga ved Den Heilage Ande, han vart velsigna av Den Heilage Ande, og Jesus gjorde teikn og under ved Den Heilage Ande, kan vi lesa i Det nye testamentet.

Til slutt fekk vi undervisning om kva det vil seie å vera født, døypt og fylt av Den Heilage Ande. Dette er tre uttrykk som liknar kvarandre og som Bibelen brukar. Født av Anden viser at Den Heilage Ande er med når eit menneske vert kristen. Døypt av Anden viser oss at vi er døypt inn i den verdsvide kyrkja. Fylt av Anden vil seie at den Heilage Ande får større plass i den kristne sitt liv.

Og Arild Ove Halås runda av desse undervisningstidene med å sitere ein kjent misjonær og forfattar, Asbjørn Aavik: «Å bli fylt av Ånden betyr ikke at jeg får mer av Den Hellige Ånd, men at Den Hellige Ånd får mer av meg».



Styret i bedehusforeninga, frå venstre Tor Morten Salte, Anne Stavem og Gjermund Løvik. Anne-Marlen Løvik Salte var ikkje tilstades.

## BIBELDAY I VIKE KYRKJE

Tekst og foto: Asbjørn Gisnås

Bibeldagen er kvart år på Såmannssondagen, i år 16. februar. Sidan det ikkje var gudsteneste i Vike den søndagen, så «juksa me litt» og markerte bibeldagen 9. februar. Ofringa til Bibelselskapets prosjekt med biblar til Cuba vart grundig introdusert i starten av gudstenesta, med orientering ved klokkar Solveig og ein videofilm.

John prest las teksta om såmannen og såkornet, ei likning Jesus fortalte som bilete på Guds ord. I preika la John vekt på kor utruleg mykje Bibelen og kristendommen har hatt å seie for enkeltmenneske, samfunn og kultur rundt om i verda.



Udstilling av mange ulike utgåver av Bibelen og Det nye testamentet. Soknerådsleiar Liv Randi Balstad viser fram praktbibelen som plar ligge på altaret. Den tjukke Bibelen nærmast lysgloben vart trykt i 1819.



# Trufast med klarinetten i kyrkja

Av Tormod Lien

Peder Arvid Hjelvik blir 82 år neste gong han fyller år. Peder kjem frå ein musikarfamilie gjennom generasjonar. Han tok over lvagarden, den flotte heimgarden i Hjelvika i 1990. Fem år seinare døydde faren, som også var musikar. Peder er gift med Jorunn Olaug som er 6 år yngre. Saman har dei 3 barn, 8 barnebarn og 6 oldebarn. Peder har arbeidd 43 år på Gjermundnes landbrukskule, som i dag er vidaregåande skule. Han har også hatt det han kallar strøjobbar i tillegg til det å vere bonde på heimgarden. Nyleg har eldstejenta tatt over lvagarden. Peder og Jorunn har flytt til Vestnes sentrum og trivst godt.

## Eit heilt liv med musikk

Peder har drive med musikk heile livet. Som 13-åring begynte han å spele i Hornmusikken på Vågstranda. Saman med tvillingbror Per delte dei på eit horn. Det gjekk bra å øve heime, men verre vart det når dei skulle opptre, og på samlingar med dei andre, då den eine av dei ikkje fekk vere med. Bror til min bestefar spela klarinett, å det såg spennande ut. Som 14-åring hadde Peder fått sin eigen klarinett. I tillegg til fele, har hobbyen spesielt vore å spele på klarinetten i 68 år. Han har også vore orkestermusikar, då han spela i Vestnes Musikkklag i fleire år.

Peder kan sjå tilbake på 20 landsfestivalar, der han spela saman med Dåm og Drag. Beste plassering var 3.plass, som dei fekk i Stryn. Etter mange år med Dåm og Drag,

gjekk han over til Grendalaget. Han legg ikkje skjul på at musikken har gitt han stor glede, og mykje å vere med på. Peder var den første leiaren i Vågstranda Hornmusikk, etter at laget vart omorganisert i 1967. Han vart i 1982 tildelt Norges Musikk-forbunds Forteneste-medalje, då juryen la spesielt vekt på hans innsats for song- og musikklivet i Rauma. Det var ikkje vanleg at så unge musikarar fekk ein slik pris, men juryen gjorde denne gong eit unntak for innsatsen til Peder.

## Over 50 år med klarinett i kyrkja

Vi sit i stua i leiligheta på Helland, med utsikt over sjøen. Jorunn sit i andre enden av stua, og deltek gjerne om noko har gått i gløyemboka. Peder reiser seg og blir borte nokre minutt. Tilbake kjem han med eit klenodium, hans første klarinett. Han fortel at den har Albert system. Klarinetten han brukar idag har Böhm system, med fleire klaffar enn det gamle systemet.

I over 50 år har Peder spela i våre kyrkjer, både i Rauma og alle 5 kyrkjene i Vestnes. Han er kjent for å vere lett å be. Desse oppdraga har han likt godt, og vedkjenner seg den kristne trua, som alltid har vore med. Peder har også spela i korps, private arrangement og på ulike samlingar som eldresenter og anna. Han har også komponert og arrangert fleire melodiar.

Det er ikkje berre musikken han har brukt tida på. Han blir nesten blank i augo når han fortel om hobbyen på sjøen. Det er alltid noko spesielt når han tek ut båten og putrar utover fjorden, der han har fått både laks og anna. Han erkjenner at det også har vorte nokre fiskeskrøner. Sidan 1984 har han som friluftmenneske vore med på hjortejakt, i tillegg til fjellturar utan børse.



«Barnatro». Oldefar spelar til dåpsbarnet Marthea, Vågstranda kyrkje 16. februar i år

Peder har ofte med seg klarinetten når familien møtast. Slik har tre generasjonar fått glede av musikken til far, bestefar og oldefar. Til alle oldebarna har han spela i kyrkja under barnedåpen. Det sjette oldebarnet vart døypet i Vågstranda kyrkje 16. februar i år. Oldefar stilte med glede opp, der han mellom anna spela «Barnatro» og «Da Lykkelen kom til verden». Det blir lett ein gripande seremoni, med heile familien til stades. Det er lov å tørke bort ein tåre då.



Heime i bustaden på Helland viser Peder fram sin første klarinett



Annbjørg Sævareid med en del av gjestene på Vestheim

# Bønn er sjelens åndedrett

Av Tormod Lien

Utvil perspektivet og inspirer trua. Bedehuskanalen ønsker å forkynne evangeliet om Jesus på TV, gjennom et bredt og bevisst programtilbud, forteller redaktøren for den kristne TV-kanalen, Johnn Ravnkilde Hardang.

I slutten av november var Hardang, som også er pastor, på besøk i Tomrefjord med bibeltimer, og formiddagsmøte på Vestheim. Der brukte han mye av tiden til å presentere TV12 Bedehuskanalen, som ønsker å legge vekt på kristen forkynning både i form av evangeliske møter og forkynnelse om vekkelse.

## En TV-kanal i vekst

– Bedehuskanalen ønsker at vår kristne kulturav med respekt for alle står sentralt. Det samme gjelder også sang og musikk med stor vekt på godt innhold. Fokus på barn og ungdom er også viktig for vår TV-kanal, som nylig har fått sentral plass på sendeplanen, forkynner 70-årige Hardang fra talerstolen på Vestheim.

Det nevnte formiddagsmøtet, der rundt 30 hadde møtt fram, starta med en samtale mellom Johnn R. Hardang og Kåre Sævareid, der sistnevnte ledet møtet i regi av Vestnes indremisjon. Hardang, som kommer fra Notodden, har en 5 år yngre bror, en far som var ansatt i indremisjonen og mor som hjemmeværende. Han beskriver sin oppvekst som trygg og god. Familien hans i dag består av kone og 5 barn, 1 fosterbarn og 22 barnebarn. Sævareid intervjuet Hardang videre mest om Bedehuskanalen, som stadig når flere.

## Han skal holde deg oppe

– Irenes bønnekrok er et nytt tilbud om bønn, som vi er stolt av å ha fått på plass i kanalen vår. Vi er alle midt i et bønnesvar. Bønn

er å lukke Jesus inn. Det er det vi ønsker med både bønnekroken og Bedehuskanalen. Vi er avhengige av å puste både inn og ut, slik er bønna sjelens åndedrett, forteller en engasjert redaktør av den oppbyggelige TV-kanalen.

Hardang, som også holdt andakta på Vestheim, spilte både gitar og piano. Temaet var henta fra Salme 55, vers 23, som han beskrev som en spesiell salme. Verset lyder slik: Kast på Herren det som er lagt på deg, han skal holde deg oppe. Han skal aldri i evighet la den rettferdige rokkes.

Etter et godt måltid, en god prat rundt borda, og trekking av mange gevinstar, ble samlinga avslutta med fellessangen «Ren og rettferdig, Himmelens verdig», med Johnn R. Hardang på piano.

Bedehuskanalen ser du i Vestnes på nett, app, Allente, Telia og Telenor T-We.

Kåre Sævareid intervjuer Johnn R. Hardang om Bedehuskanalen. Flagget symboliserer at Bedehuskanalen har fått Telia som ny samarbeidspartner.



# DIAKONIKVELD I VESTNES KYRKJE MED INFO OM DET DIAKONALE ARBEIDET I SOKNA

Tekst og foto: Nils-Berge Sundfør

Vestnes sokneråd v/undervisningsutvalet inviterte i høst til temakveld om diakoni i Vestnes kyrkje. Det var Rune Hvidsten, diakonikonsulent i Møre Bispedømme, og vår eigen diakon, Ellen Edvardsen som hadde innlegg. Det å bli sett, og tid til å lytte, er viktig i alt diakonalt arbeid.



Ellen Edvardsen, Rune Hvidsten og Jorunn Brekke Fjeldheim

Diakoni er omsorgstenesta til kyrkja. Diakoni er alt frå den kvardagslege omsorga for naboen til internasjonalt engasjement for klimarettferd og nedkjemping av fattigdom. Diakoni er evangeliet i handling. Og visjonen til diakonien er: «Guds kjærleik til alle menneske og alt det skapte verkeleggjort gjennom liv og teneste».

Jorunn Brekke Fjeldheim ynskja alle velkomne, og starta kvelden med ei kjend bøn frå den italienske munken Frans av Assisi, der han ber om å bli ein reiskap for Guds fred, kjærleik, tru, sanning og lys. Rune Hvidsten tok for seg diakoni i Bibelen. I Det gamle Testamentet møter vi Gud som ser. Han var innom Abraham som blir sett på prøve, han skulle ofre sonen Isak. Men Gud ser til Abraham.

Gud ser Moses då han møter Gud i den brennande tornebuska i Sinaiørkenen, der får Moses beskjed om å fri israelsfolket ut frå Egypt. I Det nye Testamentet møter vi Jesus. Den som har sett meg, har sett Faderen, seier Jesus. Jesus stadfestar det doble kjærleiksbotet. I forteljinga om den miskunnsame samaritanen, er Jesus som den miskunnsame samaritanen. Dette er noko av det Rune Hvidsten var innom.

Paulus samanliknar kyrkjelyden med ein kropp, alle har vi ei oppgåve der vi bur. Kyrkja treng ikkje berre ord, men også handling. Kva tyder dette i praksis for oss? Ellen Edvardsen stiller spørsmåla. Vi må ha tid til å lytte. Har vi det for travelt? Å sitje ned å lytte er viktig i alt diakonalt arbeid. Kva skjer når

vi vi spør: «Korleis står det til?». Har du opplevd å få dette svaret: «Takk for at du hørde på meg». Vi må bry oss. Menneska rundt oss treng å bli sett. Vi er alle skapt slik Gud vil ha oss. Alle må blir møtt med respekt. Det er diakonalt arbeid i praksis. Korleis underviser Jesus diakonalt? Han var oppteken av den eine: Sakkeus, kvinne som hadde vore sjuk, Nikodemus, kvinne ved brønnen.

Før ei god matøkt og samtale etterpå, fekk vi høyre om det diakonale arbeidet rundt om i sokna i kommunen, der både Røde Kors og veldig mange friviljuge aktørar er med. Dette arbeidet femna vidt, og kan delast inn i 4 temaer:

1. Under temaet *Nestekjærleik* har kyrkjelyden eit omsorgsarbeid som rettar seg mot lokale utfordringar og skal gje inspirasjon til eit liv i nestekjærleik.

Oppfølging av etterlatne med invitasjon til gudsteneste etter gravferda og tilbod om besøk av diakon, invitasjon til gudsteneste på Alle helgens dag for dei som har mista sine siste året. I samarbeid med Røde Kors er det besøksteneste i heile kommunen og ettermiddagskafé i Kyrkjestova i Tresfjord. Blomar etter gudstenesta i Vike kyrkje vert gjevne til sjuke/eldre i soknet og i Vågstranda har dei middag og sosialt samvære for 50+. Friviljuge i kyrkjelyden er med og ber for konfirmantane.

*2. Under temaet Inkluderande fellesskap skal fellesskapet i kyrkjelyden vera opne og inkluderande der ein deltek aktivt med å styrke fellesskap og nettverk generelt i lokalsamfunnet.*

Konfirmantfest, kyrkjevert, kyrkje-kaffe og bibelgrupper i alle kyrkjene. Kvinnenes internasjonale bønedag i mars kvart år. På Helland og Tomrefjord skule er det korarbeid i SFO-tida.

I Tresfjord har dei kveldssong i pinssa, olsokgudsteneste og ope kyrkje om sommaren. Vike har middag og aktivitetar på Bårdsplassen annakvar veke i samarbeid med Vike helselag. Vestnes har sitteddans for psykisk utviklingshemma, 10+ for 5.-7. klasse, KRIK-samling (Kristen Idrettskontakt) for 13 år og oppover, 13+ som er eit samtalertilbod frå 13 til 30 år, temakveldar og ope kyrkje i advent og fastetida. Fiksdal markerar Olsok, har temakveldar og strikkecaf . Og to gonger i månaden er det laurdagsklubb. V gstranda deler ut d psklut med namn til alle d psborn.

*3. Under temaet Vern om skaparverket vert det arbeidd med den bibelske forst  inga av Guds skaparverk og mennesket som ein del av det. Kyrkjelyden og den enkelte er aktiv og konkret med   skape ein positiv livsstil som fremjar balanse og heilskap.*



*Diakoniutvalet i Vestnes, fr   venstre: S  lvi H  ggdal, Vestnes R  de Kors, Ellen Andreassen, Tresfjord, Venke R  dal og Liv Gisn  s, Vike, Ellen Edvardsen, diakon og Inger Marie Talberg, V  gstranda. Ikkje tilstades: Dagny Villa, Tresfjord*

Gudstenester som korsvandrar-messe til Korst  neset og friluftsgudstenester p   Kjersemfjellet, Øygardsbukta og B  rdsnesosen og hausttakkefestar. Vestnes har dessutan Gr  n kyrkjelyd.

*4. Under temaet Kamp for rettferd vil ein engasjere seg i rettferdig fordeling av ressursane i verda og st   opp for menneske som f  r krenka menneskeverdet sitt.*

Konfirmantane deltek i fasteaksjon f  r p  ske i samarbeid med Kirkens N  dhj  lp. I samarbeid med misjonsorganisasjonar har ein desse

misjonsprosjekta: Etiopia (Vestnes), Madagaskar (Fiksdal og Tresfjord), Nepal (Vike) og Join Good Forces (V  gstranda). Ein gong i   ret er det felles misjonsgudsteneste. I samarbeid med Vestnes vaksen-oppl  ring arbeider ein med tiltak for flyktningar. Nord-/s  r-s  ndag (tidlegare U-landss  ndag) markerast i gudstenesta rundt FN-dagen saman med TV-aksjonen. 2. s  ndag i advent markerast s  ndag for fred og menneskerettar.

## FOREDRAG ETTER GUDSTJENESTEN

John og Tarjei   nsker    bidra til samtale og refleksjon ved    holde foredrag om ulike temaer etter noen av gudstjenestene i m  neden. M  let er    skape en arena for videre fordypning i tro, livssp  rsm  l og aktuelle temaer som ber  rer oss alle.

Temaene vil variere fra gang til gang, og det vil   re rom for b  de sp  rsm  l og samtale etter foredragene. Dette er en fin mulighet til    m  tes, dele tanker og styrke fellesskapet i menighetene.

Vi   per mange vil benytte seg av denne anledninga til    l  re, undre seg og delta i gode samtaler.

Velkommen!



# «HERREN ER MIN HYRDING»

Av Ivar Magne Bergheim

Vi møter Haldor Dahle heime i «Hålå» på Rekdal saman med kona, Else Grete. Her nyt dei tilværet som pensjonistar, men likevel er engasjementet stort, både på den eine og andre måten. Før dei kom til Rekdal i 1978, budde dei på det gamle posthuset i Tomrefjord, der det etter kvart blei 4 born, tre jenter og ein gut.

– Kåre Rekdal var då poststyrar, og han oppfordra oss til å sjå til Rekdal, der var det både hus til sals, og god plass i skulen. Og slik vart det. Vi kjøpte huset her, og trivst godt med fin utsikt over fjorden, høve til fritidsaktivitetar, eigen hage med poteter, grønsaker og blomster.



Haldor i «Skarhuken» på Rekdal. Eitt av fleire prosjekt som han har stått for sjølv.

## Ein god og trygg oppvekst i Isfjorden

Haldor er fødd i 1943, og hadde oppveksten sin i Dalsbygda i Isfjorden. Forfedrane kom fra Hemsedal, og kjøpte garden av Hans Nielsen Hauge sine kontaktar.

– Så vi er etterkommarar av haugianarar, presiserer han.

– Eg er oppvaksen i ein kristen og god heim, og er nummer tre av åtte søsknen. Etter at eldste broren min tok over garden, flytta foreldra mine til Romsdalen der dei forpakta Fiva Gard. Eg flytta då saman med dei, og budde der ein periode til eg drog ut til utdanning og arbeid. Garden var eigd av Sir William Bromley-Davenport, som også kjøpte opp andre gardar, og selde dei vidare utan elverettar som han då overtok sjølv. Mor stelte for

fiskarar frå ulike firma som hadde leigd elva for sine tilsette. Området vart ein turistmagnet med laksefiske og fjellturar. Eg hugsar godt året 1969. Mor tok då i imot og stelte for dronning Elisabeth og Philip, prins Charles, kong Olav og kronprins Harald her på Fiva, da Davenport hadde invitert dei hit. Eg må også nemne at eg ein gong fekk følgje med då kong Haakon kom frå Molde til Åndalsnes og skulle ta toget til Oslo. Eg har tenkt på dette: Eg hadde nærbondeskap med alle desse kongelege, men «Jesus er kongen min», Han har flytta inn. Som 16-åring hadde eg ei sterke oppleiving på ein møteaksjon i Hen kyrkje i Isfjorden. Sjølv om eg hadde barnetrua, fekk eg her ei sterke bevisstgjering av trua då eg steig fram på kyrkjegolv og vedkjente det for forsamlinga. Dette har følgd meg sidan, eg fekk eit stort frimod til å stå fram.

## Praktisk arbeid er godt og viktig

– Korleis vart vegen din vidare etter barne- og ungdomsåra i Isfjorden og på Fiva?

– Etter grunnskulen gjekk eg to år på Rauma Ungdomsskule, har gått på snikkarlinje ved yrkeskule i Spjelkavik, gjekk på Statens formingslærarskule på Blaker i tre år, og var ferdig utdanna lærar i 1970. Fire år var eg sløydlærar på ein skule på Bømlo, men valde etter kvart å flytte nærmare familien. Eg tok eit år vidareutdanning ved lærarskulen i Bergen i heimkunnskap, og har også tatt tilleggsutdanning i biologi, kristendom og KRLE, og også innan problematikken med rus. Eg har også gått på Misjonsbibelskole i Stjørdal. I 1969 gifta vi oss, og kom til Vestnes og Tomrefjord skule i 1974.

– Du likar godt praktisk arbeid?

– Ja, eg har alltid likt å bruke hendene. Eg har vore innom både Nordmøre og Romsdal slakteri i Molde, ved teglverket og meieriet på Åndalsnes og ved Knut Flate sin møbelfabrikk i Vestnes. Eg har trivast i alle jobbane eg har hatt. Då eg kom til Tomrefjord skule, underviste eg først og fremst i sløyd og heimkunnskap. Matlagning likar eg godt. Men det vart også litt KRLE, naturfag og arbeidsliv med elevbedrift. Men også mopedopplæring vart ein vesentleg del. Ein periode hadde eg opplæringa i heile kommunen. Det vart omrent

600 førarbevis. Det er så kjekt å vere saman med ungdommen! Mange flinke og kjekke elevar. Eg må gje ros til rektor Alf Johan Hustad som fekk bygd opp garasjen for drift, der motorlære hadde ein stor plass.



Haldor og Else Grethe

#### Dugnadsånda lever

- Dugnad og friluftsliv er noko som ligg ditt hjarte nær.

- Ja, eg er glad i naturen, og likar å legge til rette for trivsel i naturen. Det har vorte både benkar, skilt og gapahukar. Det største prosjektet er gapahuken, naustet og utedoen ved Forsavatnet på Rekdal.

Hans engasjement i misjonsarbeid er også stort, og han har hatt mykje med tilrettelegging av møter å gjere, har vore soknerådsleiar og også vore med i kommunestyret. Eitt av hans varemerke er potetballen. I eit ukjent tal år har han laga ball til balldagar både på Rekdal og i Fiksdal.

- Her må det ikkje vere for lite. Alle må få. Då er det betre om vi løyer litt. Omrent tre hundre ball er vanleg på slike arrangement. Eg har også vore åleine kokk for over hundre menneske fleire gonger ved arrangement på BJORLIHEIMEN.

- Vi nyt naturen, et sjølvfanga fisk, har eigendyrka potet og grønsaker og ein fin blomsterhage som Else Grete steller så fint. Ho har vore ei god støtte for meg gjennom alle åra vi har vore saman!

Haldor fekk i 2005 heidersmerke for lang og tru teneste frå KS, og i 2018 tok han imot prisen for årets eldsjel. Av styret for ungdomshuset på Rekdal fekk Haldor og Else Grethe ein tur med Hurtigruten

til Geiranger som takk for all tilrettelegging for friluftslivet i nærmiljøet.

Lun, omsorgsfull, kreativ og sprek kan vel vere ord som passar på Haldor.

- Det er godt å ha ein Frelsar som er fast og stødig. Eg likar så godt Salme 23: «Herren er min hyrding, eg manglar ikkje noko.»



Haldor har god kompetanse både på baking og anna matlaging.

## Kven er Den heilage ande?

Tekst og foto: Asbjørn Gisnås

Vestnes sokneråd arrangerer av og til temakveldar i kyrkja. Siste onsdagen i februar hadde Anne Marie Riste foredrag om Den heilage ande. Anne Marie er prostiprest og prostisekrektær i Molde domprosti (der Vestnes no høyrer til).

Ho fortalte først om si eiga trushistorie, og forklarte vidare grundig kven Anden er og kva han gjer, med utgangspunkt i truvedkjennings og Bibelen. Det var både interessant og lett å fatte for dei om lag 20 tilhøyrarane, fordi ho presenterte det jordnært og praktisk.

Jorunn Brekke Fjeldheim, som er leiar i undervisningsutvalet, losa oss gjennom kvelden. Det var lagt inn pause med kveldsmat, spørsmål og kommentarar frå tilhøyrarane, og nokre salmar som høvde til temaet for kvelden. Da kantor Jostein syntest vi hadde ete og prata lenge nok, avslutta han

pausa med eit veldig orgelbrus frå galleriet. Nokon i forsamlinga lurte på om Den heilage ande var på ferde der oppe. Jostein let stormbruset gå over til ein frodig og fin variasjon over salmen «Vinden ser vi ikke», der han også brukte si kraftige songstemme.



Soknerådsleiar Tone Roaldsnes, Anne Marie Riste og Jorunn B. Fjeldheim



# OLAV EGIL TAKKAR AV

Av Ivar Magne Bergheim



Etter snart elleve år overlet Olav Egil kontorpulten til sin etterkomar som skal starte 1. juli

I slutten av juni går kyrkjeverje Olav Egil Tomren over i pensjonistane sine rekker. Etter eit langt yrkesliv, dei ellevje siste åra som kommunalt kyrkjeverje i Vestnes, overlet han roret til andre. Kyrkjebladet tok ein prat med han på Kyrkjekontoret med adresse Myra 3.

*- Kvifor sökte du på stillinga som kyrkjeverje?*

- Eg såg utlysinga på stillinga då eg arbeidde i leiande stilling på TreMek, og etter 12 år der tenkte at dette har eg lyst til. Her var det allsidig arbeidsområde. Dette passa godt etter mi utdanning i økonomi og leiing, og ikkje minst at eg gjerne ville arbeide innafor det verdigrunnlaget som kyrkja har. Eg følte at eg kanskje hadde noko å gje i denne samanhengen med dei evner og anlegg eg har.

*- Kva går arbeidet i store trekk ut på?*

- Eg er dagleg leiar ved kyrkjekontoret. Det vil seie at eg skal leie eit personale, følgje planar og strategiar, vere økonomisk ansvarleg, sørge for drift i kyrkjene og på kyrkjegardane og mange, mange andre små og store ting. Det er

mykje som skjer parallelt med dei fastlagte oppgåvene, så ingen dag er lik. Det kan vere uforutsigbart, og veldig allsidig.

*- Kva oppgåver har du likt best?*

- Eg likar å ha kontakt med folk. Her er det både tilsette og frivillige og elles mange andre blant innbyggjarane i kommunen. Eg føler eg har eit godt forhold til befolkninga i Vestnes. Folk er også flinke til å gje respons, og det set vi stor pris på vi som er her på kontoret.

*- Kva oppgåver har vore mest utfordrande?*

- Det må kanskje vere å halde budsjetta. Det kan vere krevjande, men vi har greidd det så langt. Det krev tett oppfølging heile tida. Eg kjenner frå mi tid som medlem av kommunestyret det politiske systemet, og eg føler eg har hatt eit godt forhold til kommunen.

*- Kva kjem du til å sakne mest?*

- Det må heilt klart vere kolleget og fellesskapet der. Men også arbeidsoppgåvene. Dette er eit veldig interessant arbeid. Det vil bli rart slutseleg å vere ute av det.

*- Har det skjedd store endringar den tida du har vore tilsett her?*

- Det er må vel vere at vi nyleg har gått frå no tidlegare Indre Romsdal prosti og inn i Molde domprosti. For oss blir det kanskje i praksis ikkje dei store endringane. Vi merkar også at økonomien har vorte trøngare. Dei sentrale tildelingane gjennom bispekontoret bekymrar mest. Vi må kjempe litt meir om midlane.

*- Kva gler du deg mest over som har skjedd i tida di her i dette arbeidet?*

- Det må vere oppslutninga om kyrkja blant folket. Det er veldig positiv respons både på kyrkja som heilheit, arrangementa, kyrke-

gardane og ikkje minst god oppslutning om dåp og konfirmasjon.

*- Har du elles andre tilbakemeldingar?*

- Eg har trivast veldig godt frå første dag. Det er ein flott stab og andre tilsette å jobbe med. Dei er rutinerte, kan jobben sin, og vi har positive medarbeidrarar ute i dei ulike kyrkjene. Det har vore eit godt samarbeid med sokneråda og Fellesrådet. Det er engasjerte folk!

*- Har du eit godt råd til din etterkommar?*

- Vis respekt for tilsette, ta folk på alvor når dei kontaktar kyrkjekontoret. Skal totalitetten fungere, må ein ha respekt for kvarandre. Ein må vere fleksibel. Dette er grunnlaget for god drift totalt sett. Og så må ein ha eit godt forhold til kommunen.

*- Kva skal du fylle pensjonisttilværet med?*

- Det blir nok litt fleire bobilturar. Elles blir det fleire turar i skog og mark og familiebesøk. Eg er engasjert i frivillig arbeid, og det vil eg halde fram med.

Kyrkjebladet har også vore i kontakt med Thor Ringsby, som er leiar av Fellesrådet i kommunen:

- Vi er svært takksame for det arbeidet Olav Egil har lagt ned i kommunen. Han har stor arbeidskapasitet, har vore ein god leiar i staben og er god på relasjonar. I utfordrande periodar har han vist stort tolmod og vore løysingsorientert. Han har gjort eit svært viktig arbeid opp mot kommunen, og har handsama økonomidelen på ein ryddig og god måte.

Kyrkjebladet vil også takke for det store arbeidet han har lagt ned, og ønske Olav Egil lykke til i det nye tilværet som pensjonist.

# Kyrkjeverja sitt hjørne

Av Olav Egil Tomren

Fram til siste årsskifte utgjorde Vestnes saman med Rauma Indre Romsdal prosti. Frå januar i år er prostiet slått saman med Molde domprosti, og det består no av kommunene Aukra, Hustadvika, Rauma, Molde og Vestnes. Det blir spennande å sjå korleis det vil fungere, men den store forskjellen blir det nok ikkje for vårt vedkommande.

Vågstranda kyrkje er den kyrkja som har det største reparasjons- og vedlikehaldsbehovet av våre kyrkjer. Fellesrådet vil derfor prioritere denne kyrkja for inneverande år. Målinga sprekk opp og flassar av, og det må skrapast vekk før kyrkja blir måla. Ein del av kledninga er råteskada og må skiftast ut. Vindusrammer må reparerast og nokre glasruter må skiftast. Målet er å få gjort alt dette i løpet av året.

På Vestnes kyrkjegard har vi planar om å etablere eit felt for namna minnelund for urner. Det er eit område på kyrkjegarden utan tilgang til gravminne knytta til kvar enkelt grav. I staden blir det sett

opp eit felles minnesmerke. På det blir det plassert eit skilt for kvar enkelt som blir gravlagd der, og det inneheld namn, årstal for fødsel og død til den gravlagde. Etter kvart er planen å gjere det same på dei andre kyrkjegardane i kommunen. Det er først og fremst eit tilbod til dei som ønskjer ei namna grav å gå til, men som ikkje har høve eller ønskjer å sette opp eige gravminne og etablere og stelle eit plantefelt sjølv. Feltet og minnesmerket blir vedlikehalde og stelt av kyrkjegardsarbeidarar.

Eg er snart pensjonist, og min siste arbeidsdag som kyrkjeverje blir 30. juni. Eg har hatt 11 interessante og utfordrande år som kyrkjeverje, og er takksam for dei åra eg har fått vore her på kontoret. Staben på kontoret og dei andre tilsette rundt om i kyrkjene er dyktige og positive menneske, og samarbeidet med fellesrådet og Vestnes kommune har fungert utmerkt. Så eg sit att med mange gode minne som eg tek med meg inn i pensjonistlivet.

## KYRKJEBLADET FOR VESTNES

Redaksjonskomité:  
Asbjørn Gisnås, Nils-Berge Sundfør,  
Ivar Magne Bergheim,  
Tormod Lien og Reidun Blø

Adresse: Kyrkjekontoret  
Myra 3, 6390 Vestnes

Vi oppfordrar dei som måtte ha forslag til stoff eller noko dei vil ha med i Kyrkjebladet, til å ta kontakt med redaksjonen.

**Redaksjonen takker for alle gåver til Kyrkjebladet, både store og små.**

**Vi er avhengige av gåver til drift og distribusjon av Kyrkjebladet**

Kontonummer: 4056.20.62124

Kyrkjebladet har Vipps.  
Vippsnummer: 511986

Det er mogleg å bestille bladet for dei som bur utanfor kommunen.





# KONFIRMANTAR I VESTNES KOMMUNE VÅREN 2025

## Tresfjord kyrkje 03. mai kl. 10.30

Eline Kjellbotn Buås-Hansen

(konf. 10. mai i lag med Tomrefjord)

Håvar Vinje Hoem

Adam Høgseth

Simen Lindset

Victor Lindset

Erling Jarl Løvik

Ole Martin Utgård Skjegstad

Bendik Kjersheim Syltebø

## Fiksdal kyrkje 03. mai kl. 13.00

Magnus Andre Havnsund

Bårdsnæs

Martine Skavnes Falch

Thea Gjelsten

## Vestnes kyrkje 10. mai

### Tomrefjord-konfirmantar

#### Gruppe 1 – kl 10.30

Marcel Eiken

William Dolpen Falch

Eline Kjellbotn Buås-Hansen

(Tresfj. konf.)

Dina Eikremsvik Hadziahme

Neraas

Aron Leander Isaksen-Neraas

Eleah Skjegstad Overå

Ole Sebastian Sveia Sanden

## Gruppe 2 – kl. 12.30

Kasper Bakken

Elena Langstein Bjørkli

Alexander Vegard Jabstrzebski

Olivia Kikolska

Johanne Kjerstad

Ava Merethe Sponberg Marken

Marina Rekdal

Carmen Rostkowski

Jonas André Tennøy Vegsund

Kasper Marius Vestnes

## Vike kyrkje 29. mai

Ingen konfirmanter i år

## Vågstranda kyrkje 29. mai kl.

11.00

Wilma Ekroll

Tristan Noi Talberg

## Vestnes kyrkje 29. mai kl. 11.00

### Vestnes-konfirmantar

Olivia Lid Aas

Tobias Coppik

Victor Furland Frostad

Jonas Hole

Snorre Hovde

Eirik Kjelsvik

Oliver Taklo Lien

Oline Stokkeland Misfjord

Nathalie Røe Skavnes

Malene Aas Småge

Mikael Aas Småge

Aron Villa

## Vestnes kyrkje 31. mai kl. 11.00

### Vestnes-konfirmantar

Julianna Henriksen Alnes

Synne Bauer

Mathea Repvik Brennvik

Robin Horsgård Hagen

Mia Kathrin Sætre Helland

Evida Grønningsæter Høgseth

Gabriel Kjelsvik

Karsten Louie Tamboboy Lervik

Johan Ove Lungård

Elin Margrethe Olafsen

Sofie Robertsen

Tobias Lund Salthammer

Susanne Slodczyk

Mia Stokkeland

Erik Stokkeland

Franz Amdam Wirthenstätter

## Prosjekt Kuldekoden – Mestring, styrke og fellesskap

Hvordan kan vi håndtere stress, frykt og utfordringer med styrke, tro og mestring? Dette er spørsmål John Sylte vil utforske sammen med konfirmantene i prosjekt "Kuldekoden" – et unikt og engasjerende kurs som kombinerer mental trening, refleksjon og praktiske øvelser. Kurset er frivillig og kommer i tillegg til ordinær konfirmantundervisning. Gjennom fire samlinger får konfirmantene verdifulle verktøy for å møte livets utfordringer med indre ro og selvtillit. Ledertemaet består av John, Tarjei, Ove Lungård, Heidi Buljo og Matt Mcmenemy.

Kurset avsluttes med en spektakulær test på mental styrke: Isbading! Dette er en utfordring som lærer

ungdommene å akseptere ubehag, bevare roen og oppleve mestring i trygge omgivelser.

"Kuldekoden" er en kombinasjon av praktiske ferdigheter, bibelske refleksjoner og fellesskap. Målet er å gi konfirmantene erfaringer de kan ta med seg videre i livet, og en tro som bærer – også når livet blir kaldt.

Vi gleder oss til å ta konfirmantene med på denne reisen!

*John og Tarjei*



Foto: AG

# MED FOKUS PÅ NEPAL

Av Asbjørn Gisnås

Vike sokneråd hadde invitert til misjonstreff med fokus på Nepal søndag ettermiddag 12. januar. Det vart ein FEST, med flott korsong, engasjert og inspirerande formidling, god mat og «handelsbod» med attraktive produkt frå Nepal.

## Sende strikka babyklede med kurér

I mange år har Vike kyrkjelyd sitt misjonsprosjekt vore støtte til Okhaldhunga sjukehus i Nepal gjennom Normisjon. Da leiari i soknerådet, Liv Randi Balstad ønskte velkommen, forklarte ho kvifor Bjørn Ødegård frå Himalpartner (tidlegare Tibetmisjonen) var invitert til å fortelje om Nepal. Det hadde seg slik at etter nokre år med strikkekafe i kyrkjekjelaren var det produsert ein heil del ull-babytøy med tanke på nyfødde ved sjukhuset i Okhaldhunga. Dei fekk kontakt med Bjørn i Ålesund, og han tok med strikkaplagga til Nepal.

## Praktisk hjelpearbeid og misjon

Bjørn Ødegård har vore mange år i Nepal som lærar. Med engasjert og tydeleg tale, lysbilete og filmar gav han forsamlinga eit godt og interessant innblikk i norsk misjon og hjelpearbeid i det fattige fjellandet.

Han fortalte om pionerane: Ingeborg Skjervheim, sjukepleiar og jordmor frå Ål i Hallingdal, kom som første norske misjonær til Nepal i 1957. To år etter kom Odd Hoftun og kona. Han var også fødd i Ål, utdanna sivilingeniør, bygde sjukehus og kraftverk og tok initiativ til oppstart av yrkesskular og teknisk institutt i Nepal. Da desse pionerane kom dit, var det ingen kristne nepalesarar. I dag er om lag 300 000 kristne i landet, trass i at utlendingar ikkje har hatt lov til kristen forkynning og evangelisering.

## Kor frå Godøya

Koret Elkana med dirigent Sven Wågen Sæther var også med på å gjere misjonskvelden til ein fest. Eg reknar med at få i salen hadde hørt dei før, og at fleire enn meg vart overraska over kor gode dei er, med tydeleg kristen bodskap og godt musikalsk nivå!

## VESTNES KYRKJEKONTOR

Ope måndag–torsdag kl. 08.30–15.00

### John Sylte, sokneprest

455 02 815 (jobb) / 918 65 064 (privat)  
john.sylte@vestnes.kommune.no

### Tarjei Løvik, sokneprest

913 35 565  
tarjei.lovik@vestnes.kommune.no

### Reidun Blø, kontorsekretær

941 62 548 (jobb)  
reidun.blo@vestnes.kommune.no

### Olav Egil Tomren, kyrkjeverje

941 69 153 (jobb) / 916 29 416 (privat)  
olav.tomren@vestnes.kommune.no

### Ellen Edvardsen, diakon

941 60 429 (jobb) / 974 99 175 (privat)  
ellen.edvardsen@vestnes.kommune.no

### Ingvild Venås Sánchez, trusopplærar

941 42 364 (jobb) / 41472908 (privat)  
ingvild.venaas@vestnes.kommune.no

### Jostein Maude, kantor

922 26 151  
jostein-maude@hotmail.com

### Andrew Lange, kyrkjetenar

405 48 156  
treetimeandy@yahoo.co.uk

Heimeside til kyrkjene i Vestnes:

[www.vestnes.kyrkja.no](http://www.vestnes.kyrkja.no)

# -VI HAR VALT DEN KRISTNE TRU

Av Tormod Lien



15-åringar på konfirmasjonsundervisning på Kyrkjestova i Tresfjord. Frå venstre; Bendik Kjersheim Syltebø, Adam Høgseth, Victor Lindset og Simen Lindset.

Årets konfirmantar i Tresfjord har konfirmasjonsundervisning. Den smilande soknepresten, Tarjei Løvik, tek i mot alle i gangen på Kyrkjelydshuset i bygda. Kyrkjebladet har gjort avtale på førehand, i håp om å få i tale nokre av dei som har valt kyrkeleg konfirma-

sjon. Fire gutar melder seg fort. Vi blir sittande i gangen ved eit bord, medan presten tek med dei andre inn i stova.

Bendik, Adam, Victor og Simen, som alle fyller 15 dette året, verkar oppegåande og samlande. Uoppfordra fortel dei alle fire at dei er kristne, og syns også derfor at det er heilt naturleg å velje kyrkja som arena på konfirmasjonsdagen. Den eine av dei har alltid vore kristen, medan dei andre har tatt dette valet i seinare tid. Dei verkar alle både frimodige og bevisste på sine val. Å kalde seg kristne verkar heilt naturleg for dei.

## Vår kristne tru

Dei ser fram til den store dagen i kyrkja dei er så glad i. Også for dei er det å konfirmere seg bygd på

tradisjonar, men mest kristen tru. Det at vi ønskjer å konfirmere oss i kyrkja, er for at vi då får ta vare på trua vår. Konfirmasjonsundervisninga meiner dei har vore både kjekk og lærerik. Dei syns alle at presten, Tarjei Løvik, er ein truverdig, roleg og snill prest.

Skal vi gje eit råd til komande konfirmantar, må det vere å gå meir i kyrkja. Dei er samde i at det å gå i kyrkja samlar tankane, og ein blir betre i hovudet. Etter den store konfirmasjonsdagen vil det bli tradisjonell feiring og fest. God middag og godt med kaker, vil dei tru. Mange gjestar vil kome, talet varierer blant dei fire mellom 30 og 50. Alle fire gler seg til gåvene dei vil få...

## Støtt Fasteaksjonen for Kirkens Nødhjelp!

Tekst og foto: Asbjørn Gisnås

Nær 800 millionar menneske lever utan tilgang til rent vatn i verda i dag på grunn av jordskjelv, tørke, flaum, krig eller konflikt, men det er håp. Kirkens Nødhjelp jobbar med akutt bistand i katastrofar og med lang-siktige prosjekt for å redusere naud og fattigdom i verda. Vi arbeider for fred og rettferd, og for å redde liv.



Her er konfirmantar frå Tresfjord og Vågstrand klare med innsamlingsbøsser

Gjennom fasteaksjonen samlar vi inn pengar til dette livsviktige arbeidet, med særleg fokus på tilgang

til rent vatn og dei enorme ringverknadane det skaper for enkeltmenneske og lokalsamfunn. Rent vatn reddar liv.

Den årlege dør-til-dør-aksjonen før påske er den nest største i Noreg, etter TV-aksjonen om hausten, og har ein lang tradisjon.

Tradisjon er det også at konfirmantane deltek som bøsseberarar. Slik skal også årets konfirmantar i Vestnes kommune vere med på aksjonen, som ein del av konfirmasjonsopplæringa. Dette er nestekjærleik, solidaritet og dugnadsånd i praksis!

Nokre andre frivillige vil også vere med som bøsseberarar, for å hjelpe konfirmantane med å rekke over heile bygdene. Innsamlinga blir organisert lokalt av dei fem sokneråda i kommunen.

**Dør-til-dør-innsamlinga vil truleg skje tysdag 8. april fra ca kl 17.00. Ta godt i mot konfirmantane eller andre som kjem med KN-bøsse, og støtt aksjonen! Dersom du ikkje får besøk, eller du ikkje har kontantar, kan du gje med Vipps til 2426.**

# 5 I FARTA I VESTNES SENTRUM

Av Tormod Lien



## Kort fortalt om påska og pinsa:

Påska handlar om Jesus på korset, hans død og oppstode, frelse og håp. Påska startar med sorg, men utviklar seg til glede, fordi Jesus vann over døden. Pinsa handlar om at Den heilage ande kom til jorda, og kyrkja sin «fødselsdag». Første pinsedag er dag nummer 50 etter påske.

Her er 5 av fleire i farta vi prata med, tilfeldig utplukka. Vi stilte dette spørsmålet:

*Påske og pinse står for døra.  
Kva handlar desse to høgtidene om?*

### 1. Ranja Hjelvik (30), Vikebukt.

I påska så feirar vi oppstoda av Jesus. Trur pinsa var då Den heilage ande kom over disiplane.

### 2. Rune Hoel (50), Molde.

Påska ja, det handlar om at Jesus stod opp frå grava. Pinsa veit eg ikkje, men det er høgtidsdagar i pinsa også.

### 3. Ulrik Lyngvær (27), Vestnes.

I påska var då Jesus hang på korset. Når det gjeld pinsa, hm, det klarer eg ikkje å komme på.

### 4. Knut Ivar Pettersen (47), Molde.

Påska meiner eg at det handlar om Jesu oppstode, for at våre synder skal bli tilgitt. Men pinsa derimot, der stiller eg blank.

### 5. Ane Nerhus (34), Vestnes.

Vi feirar påske fordi at Jesus stod opp frå grava. Har lært om pinsa også, men husker ikkje akkurat no.



# SLEKTERS GANG

## Vestnes kyrkje

Døypte:

02.03. Cornelia Korsnes Larsen  
  
Døde:  
18.11. Liv Kjellaug Tomren  
22.11. Reidar Ulrik Hatle  
03.12. Arnfinn Inge Frostad  
06.12. Svein Peder Misund  
07.12. Arnfinn Nerås  
23.12. Ottar Adelsten Heggem  
07.01. Per Ivar Nerås  
24.01. Olav Lauritz Stokseth  
13.02. Tommy Dragnes  
21.02. Kjell Arne Eikenes  
01.03. Olav Aas  
12.03. Knut Henning Engeset

## Tresfjord kyrkje

Døypte:

12.01. Kasper Bjermeland Rusten  
02.02. Ronja Hovland  
16.03. Sara Sørheim Lindset  
16.03. Emila Lunde Nakken  
16.03. Erle Eik Aronsen

Vigde:

02.01. Jan Håvard Vik Nilsen og  
Mia Angela Reyes Bautista  
24.01. Kjetil Sævareid og Hanne  
Daugstad Longva

Døde:

19.12. Kåre Arnstein Hoem  
04.03. Arnt Johan Helseth  
04.03. Jarle Nils Teige  
07.03. Odd Inge Vikås

## Vike kyrkje

Døde:

19.12. Frode Sætre

## Fiksdal kyrkje

Døypte:

30.11. Henrik August Bakk Lien  
23.02. Luca Ellingseter Kanishi  
23.02. Louie Lovin Hauan Vik

Døde:

30.01. Judith Gjelstenli  
25.02. Terje Liabø

## Vågstranda kyrkje

Døypte:

16.02. Marthea Selnes Hjelvik

Døde:

02.02. Alf Idar Hjelvik



## Gågruppe i Vestnes

Tekst og foto: Nils-Berge Sundfør

Ein fin ettermiddag her i slutten av januar, i skumringstimen, traff Kyrkjebladet om lag ti entusiaske menn som var klare for gåtur i Kråkvika. Og sjølvsagt vart eg nysgjerrig på kven desse kunne vera. Eg fekk straks Håvard Skrede i tale, og han kunne fortelje at på ei mannssamling på Nordmøre i regi av Det norske Misjonsselskap spira tanken fram om ei gågruppe for menn her på Vestnes.

Så siste måndag i månaden samlast desse for om lag 2 timars tur. Små stopp underveis vert det, der ein tek i augesyn interessante ting ein treffer på. Denne dagen vart det stopp ved ei grindløe i Kråkvika. Og god pause vert det, gjerne ved ein gapahuk, der ein

fyrar bål. Ein kort andakt med eventuelt samtale etterpå finn ein og plass til..

Slik vart det også denne måndagen då Kyrkjebladet vart med på tur. Andre turmål dette året har vore til ulike plasser i kommunen, her kan nemnast Åsfjellet, Faksen, Bjønntua, Vikenakken og Nakkereset i Fiksdal.

Til slutt må vi opplyse om at gruppa er open for alle, så ta gjerne kontakt med Håvard Skrede eller Ivar Magne Bergheim om du har lyst å bli med! *Trur eg melder meg på...*

# GUDSTENESTER I VESTNES

Oversikt over gudstenestene er også å finne i Vestnesavisa, Bygdebladet og Sunnmørsposten.  
I tillegg kan de til ei kvar tid finne oversikta på heimesida til kyrkja: [www.vestnes.kyrkja.no](http://www.vestnes.kyrkja.no).

## 06. april 4. s. i fastetida

*Vike kyrkje kl. 11.00*

Høgmesse. Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

## 13. april Palmesøndag

*Vestnes kyrkje kl. 11.00*

Høgmesse. Takkoffer til Fasteaksjonen.

## 17. april Skjærtorsdag

*Vågstranda kyrkje kl. 11.00*

Høgmesse. Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

*Vike kyrkje kl. 18.00*

Høgmesse. Takkoffer til misjonsprosjektet i Nepal.

## 18. april Langfredag

*Vestnes kyrkje kl. 11.00*

Gudsteneste. Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

*Stella Maris kl. 16.00*

Nattverdsgudsteneste.

## 20. april Påskedag

*Vestnes kyrkje kl. 11.00*

Høgtidsgudsteneste. Takkoffer til Kirkens bymisjon.

*Fiksdal kyrkje kl. 13.00*

Høgtidsgudsteneste. Takkoffer til Israelsmisjonen.

## 21. april 2. påskedag

*Tresfjord kyrkje kl. 11.00*

Høgmesse. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.

## 23. april onsdag

*Tresfjord kyrkje kl. 18.00*

Ung messe, Vågstranda- og Tresfjord-konfirmantar.

Takkoffer til 13+.

*Fiksdal kyrkje kl. 18.00*

Ung messe.

## 30. april onsdag

*Vestnes kyrkje kl. 18.00*

Ung messe,  
Tomrefjordkonfirmantar.

## 03. mai laurdag

*Tresfjord kyrkje kl. 10.30*

Konfirmasjon. Takkoffer til Kyrkjestova.

*Fiksdal kyrkje kl. 13.00*

Konfirmasjon.  
Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

## 10. mai laurdag

*Vestnes kyrkje kl. 10.30 og 12.30*

Konfirmasjon Tomrefjord.  
Takkoffer eige konfirmantarbeid.

## 11. mai 4. s. i påsketida

*Vestnes kyrkje kl. 13.00*

Høgmesse. Takkoffer til Åkerlehaugen.

## 17. mai Nasjonaldagen

*Fiksdal kyrkje kl. 10.00*

Gudsteneste. Takkoffer til Kyrkjebladet.

*Tresfjord kyrkje kl. 10.00*

Gudsteneste. Takkoffer til eige barne- og ungdomsarbeid.

*Vike kyrkje kl. 11.30*

Gudsteneste. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.

*Vestnes kyrkje kl. 11.45*

Gudsteneste. Takkoffer til Redd Barna.

*Vågstranda kyrkje kl. 13.00*

Gudsteneste. Takkoffer til Kyrkjebladet.

## 21. mai onsdag

*Vestnes kyrkje kl. 18.00*

Ung messe, Vestnes-konfirmantar.

## 25. mai 6. s. i påsketida

*Vestnes kyrkje kl. 11.00*

Høgmesse.

Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

## 29. mai Kr. himmelfartsdag

*Vågstranda kyrkje kl. 11.00*

Konfirmasjon. Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

## Vestnes kyrkje kl. 11.00

Konfirmasjon. Takkoffer til eige konfirmantarbeid.

## 31. mai onsdag

*Vestnes kyrkje kl. 11.00*

Konfirmasjon. Takkoffer til eige konfirmantarbeid.

## 01. juni søndag før pinse

*Korsstøneset kl. 12.00*

Felles friluftsgudsteneste. Takkoffer til Åkerlehaugen

## 08. juni Pinsedag

*Vestnes kyrkje kl. 11.00*

Felles høgmesse.  
Takkoffer til KRIK-Vestnes.

## 09. juni 2. pinsedag

*Tresfjord kyrkje kl. 18.00*

Kveldssong. Takkoffer til Kirkens bymisjon i Ålesund.

## 15. juni treeiningssøndag

*Øygardsbukta, Rekdal kl. 12.00*

Felles friluftsgudsteneste.  
Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

## 22. juni 2. s. i treeiningstida

*Vestnes kyrkje kl. 11.00*

Felles høgmesse.  
Takkoffer til 13+.

## 29. juni 3. s. i treeiningstida

*Vågstranda kyrkje kl. 11.00*

Felles høgmesse.  
Takkoffer til Redd barna.

## 06. juli 4. s. i treeiningstida

*Fiksdal kyrkje kl. 11.00*

Felles høgmesse.  
Takkoffer til Bibelselskapet.



|   |  |  |
|---|--|--|
| <b>13. juli 5. s. i treeiningstida</b><br><i>Stall Kjersem kl. 16.00</i><br>Felles friluftsgudsteneste. Takkoffer til misjonsprosjektet.                                    | <b>14. sept. Vingardssøndag</b><br><i>Vestnes kyrkje kl. 11.00</i><br>Hausstattakkefest med Utd. av bok til 4-åringar, og 1. klasse.<br>Takkoffer til Redd barna.  | <b>02. nov. Alle helgensdag</b><br><i>Vestnes kyrkje kl. 11.00</i><br>Minnegudsteneste. Takkoffer til diakoniarbeidet i soknet.  |
| <b>20. juli Aposteldagen</b><br><i>Vestnes kyrkje kl. 11.00</i><br>Felles høgmesse.<br>Takkoffer til eigen kyrkjelyd.   | <b>Tresfjord kyrkje kl. 13.00</b><br>Hausstattakkefest med presentasjon av konfirmantar. Utd. til 4-åringar og 1. klasse. Takkoffer til jubileumsbok for Tresfjord sokn.   | <i>Vike kyrkje kl. 11.00</i><br>Minnegudsteneste. Takkoffer til diakoniarbeidet i soknet.  |
| <b>29. juli Olsok</b><br><i>Tresfjord kyrkje kl. 15.00</i><br>Olsokgudsteneste. Takkoffer til Kyrkjebladet.   | <b>21. sept. 15. s. i treeiningstida</b><br><i>Fiksdal kyrkje kl. 11.00</i><br>Hausstattakkefest med presentasjon av konfirmantar. Utd. av bok til 4-åringar og 1. klasse. Takkoffer til IKO kirkelig pedagogisk senter. | <i>Fiksdal kyrkje kl. 13.00</i><br>Minnegudsteneste.<br>Takkoffer til Kirkens SOS.   |
| <b>03. august 8. s. i treeiningstida</b><br><i>Vike kyrkje kl. 11.00</i><br>Felles høgmesse. Takkoffer til KRIK Vestnes.  | <b>28. sept. 16. s. i treeiningstida</b><br><i>Vågstranda kyrkje kl. 11.00</i><br>Hausstattakkefest. Utd. til 4-åringar og 1. klasse. Takkoffer til eigen kyrkjelyd.   | <i>Tresfjord kyrkje kl. 13.00</i><br>Minnegudsteneste.<br>Takkoffer til Kirkens SOS.   |
| <b>10. august 9. s. i treeiningstida</b><br><i>Fiksdal kyrkje kl. 11.00</i><br>Felles Høgmesse.<br>Takkoffer til eigen kyrkjelyd.   | <b>Vestnes kyrkje kl. 13.00</b><br>Høgmesse med presentasjon av konfirmantar.<br>Takkoffer til 13+ .   | <i>Vågstranda kyrkje kl. 17.00</i><br>Minnegudsteneste.<br>Takkoffer til Kirkens SOS.  |
| <b>17. august 10. s. i treeiningstida</b><br><i>Bårdsnesosen kl. 12.00</i><br>Felles friluftsgudsteneste.<br>Takkoffer til Kyrkjebladet.                                    | <b>05. okt. 17. s. i treeiningstida</b><br><i>Tresfjord kyrkje kl. 11.00</i><br>Høgmesse. Takkoffer til Bibelselskapet.  | <b>09. nov. 22. s. i treeiningstida</b><br><i>Tomrefjord kristne forsamlingshus kl. 11.00</i><br>Gudsteneste med Lys vaken for Vestnes og Tomrefjord.<br>Takkoffer til IKO kirkelig ped. senter.                   |
| <b>24. august 11. s. i treeiningstida</b><br><i>Vågstranda kyrkje kl. 11.00</i><br>Gudsteneste med presentasjon av konfirmantar.<br>Takkoffer til Mercy Ships.              | <b>Vike kyrkje kl. 13.00</b><br>Høgmesse. Takkoffer til misjonsprosjektet i Nepal.   | <b>16. nov. 23. s. i treeiningstida</b><br><i>Vike kyrkje kl. 11.00</i><br>Gudsteneste med Lys vaken og utd. til 5. klasse, felles opplegg for Tresfjord, Vågstranda og Vike. Takkoffer til trusoplæring i soknet. |
| <i>Tresfjord kyrkje kl. 13.00</i><br>Høgmesse.<br>Takkoffer til eigen kyrkjelyd.  | <b>12. okt. 18. s. i treeiningstida</b><br><i>Vestnes kyrkje kl. 11.00</i><br>Høgmesse. Takkoffer til eigen kyrkjelyd.   | <b>23. nov. Kristi Kongedag</b><br><i>Vestnes kyrkje kl. 11.00</i><br>Høgmesse. Takkoffer til eigen kyrkjelyd.   |
| <b>31. august 12. s. i treeiningstida</b><br><i>Vestnes kyrkje kl. 11.00</i><br>Høgmesse. Takkoffer til Fengsel-sarbeidet i Hustad.   | <b>19. okt. 19. s. i treeiningstida</b><br><i>Fiksdal kyrkje kl. 11.00</i><br>Høgmesse. Takkoffer til misjonsprosjektet.   | <i>Vågstranda kyrkje kl. 13.00</i><br>Høgmesse.<br>Takkoffer til eigen kyrkjelyd.  |
| <b>07. sept. 13. s. i treeiningstida</b><br><i>Vike kyrkje kl. 11.00</i><br>Hausttakkefest m/ konfirmant-presentasjon. Utd. til 4-åringar og 1. klasse. Takkoffer til 13+ . | <b>26. okt. Bots og bededag</b><br><i>Vestnes kyrkje kl. 11.00</i><br>Felles misjonsgudsteneste. Takkoffer til misjonsprosjektet i Etiopia.  | <b>29. nov. laurdag</b><br><i>Fiksdal kyrkje kl. 18.00</i><br>Adventsong. Lys vaken og utd. til 5. klasse.<br>Takkoffer til eigen kyrkjelyd.   |

## VIPPSNR. FOR OFRING:

Vestnes sokn:  
108523

Vike sokn:  
89676

Tresfjord sokn:  
513574

Fiksdal sokn:  
555355

Vågstranda sokn:  
502022